

BØMLO KOMMUNE

SAKSUTGREIING TIL FOLKEVALDE ORGAN

SAKSGANG:				
R.f..	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Utvallssak
X	Utval for drift og utvikling	20.10.04	03/08190-33	085/04
1	Kommunestyret	08.11.04	03/08190-33	097/04

Sakshandsamar: Nils Kåre Nysæter

Arkivnr.: 542.1

HOVUDPLAN AVLØP 2004-2024 I BØMLO KOMMUNE

Dokument i saka:

1. Vedtak om oppstart av arbeid med hovudplan avløp 07.05.03.
2. Vedtak om å leggja planen ut til høyring i møte 10.03.04.
3. Brev til høyringspartar dagsett 15.03.04.
4. Kunngjering av planframlegget til offentleg høyring.
5. Høyringsliste.
6. Brev dagsett 25.03.04 frå Storavatnet Fiskelag og svarbrev dagsett 30.03.04 om forlengd frist til uttale.
7. Brev dagsett 26.03.04 frå Kystverket Vest.
8. Brev dagsett 02.04.04 frå Karmsund havnevesen IKS.
9. Brev dagsett 15.04.04 frå Aksjon Rein Innværfjord.
10. Brev dagsett 15.04.04 frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga.
11. Vedtak i Bømlo Naturbruksutval i møte 15.04.04.
12. Brev dagsett 16.04.04 frå Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS.
13. Brev dagsett 15.04.04 frå Innvær Gardslag.
14. Brev dagsett 16.04.04 frå Rubbestadneset Grendautval.
15. Planframlegg
16. Brev dagsett 22.04.04 frå Storavatnet Fiskelag.
17. Brev dagsett 23.04.04 frå Sunnhordland Fiskarlag.
18. Administrativ uttale dagsett 26.04.04 frå Fitjar kommune.
19. Brev dagsett 11.05.04 frå Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavingdelinga.
20. Vedtak i utval for drift og utvikling 28.04.04 og 09.06.04.
21. Vedtak i kommunestyret 21.06.04.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret utsette behandlinga av hovudplanen i møte 21.06.04. Sidan kommunestyret sitt vedtak i juni har BVA arbeidd ut ein konsekvensanalyse, jamfør punkt 6 i dette vedtaket. Vedtaket i kommunestyret lydde slik:

1. Bømlo kommunestyre utset godkjenning av hovudplan for avløp til hausten 2004.
2. Bømlo kommunestyre utset tiltaksplan for perioden 2005 – 2008 slik den kjem fram i tabell 2 i saka.
3. Rådmannen skal i samarbeid med BVA AS sikra best mogleg finansieringsgrunnlag for framtidige investeringar gjennom bruk av pålagt tilknytning av abonnentar der dette er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Grensa for kva som vert definert som uforholds-messig høge kostnadar i Plan- og bygningslova § 66, skal setjast til kr. 65.000 inkl. mva. og tilknytingsgebyr.

4. Avgiftsauke i resten av planperioden vert sett til 4% årleg.
5. Administrasjonen blir beden om å gå gjennom driftsavtalen med BVA AS og leggja den fram for kommunestyret til hausten til endeleg godkjenning.
6. BVA AS kjem med ein konsekvensanalyse ut frå dette vedtaket.

I førekant av dette vedtaket har planen vore i utval for drift og utvikling 28.04. og 09.06.04. Behandling og vedtak går fram av møtebøkene frå desse møta.

Innkomne merknader/fråsegner til planen:

Melding frå offentlege etatar og andre interesseorganisasjonar som ikkje har merknader til planframlegget:

Kystverket Vest
Karmsund havnevesen IKS
Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga

Både Kystverket Vest og Karmsund havnevesen IKS har bedt kommunen om å nytta dei same traseane som alt er nytta til andre leidningar/kablar der dette er praktisk mulig ved legging av nye avløpsleidningar i sjø. Utover dette har desse instansane ingen merknader til planframlegget.

Melding frå offentlege etatar og andre interesseorganisasjonar som har kome med merknader til planframlegget:

Aksjon Rein Innværfjord
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga
Bømlo Naturbruksutval
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS
Innvær Gardslag
Rubbestadneset Grendautval
Storavatnet Fiskelag
Sunnhordland Fiskarlag
Fitjar kommune

Hovudinnhald i innkomne merknader:

Aksjon Rein Innværfjord

Merknaden frå Aksjon Rein Innværfjord tar opp to moment i sin merknad. For det første ber aksjonsgruppa

”om at arbeidet” med tiltak i Innværfjorden ”ikkje vert delt opp i to, men at heile investeringa vert nytta i fyrste planperiode 2004-2008. Me meiner at dette må vera den beste løysinga, både praktisk og økonomisk.”

Vidare vert det peika på at det i planen sin tabell 13, side 19 vert vist til tilgjengeleg informasjonsmateriell fram til år 2000, då det frå gruppa alt ligg føre meir oppdatert informasjon samla inn og overlevert frå aksjonsgruppa. Aksjonsgruppa meiner det er rimeleg at denne informasjonen vert teken inn i planen.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga

Fylkesmannen si miljøvernavingdeling har kome med ein grundig uttale til planen, men seier mellom anna at

”hovudplanen er en oversiktlig og god plan der målsetting og tiltak på avløpssektoren er beskrevet. Planen vil være et godt dokument for å kunne målstyre kommunen og Bømlo Vatn og Avløp sin planlegging, utbygging og drift på avløpssektoren.”

Likevel ber dei om at det vert laga eit program for resipientundersøkelse og prøvetaking. Planen bør tidfesta når eit slikt program skal føreliggja og når den skal bli gjennomført, både for ferskvatn og sjø. Alle tiltaka som er lista opp i tabell 34, meiner fylkesmannen med fordel kan tidfestast på lik linje med investeringstiltaka.

Fylkesmannen viser og til at det er ei ny forskrift under utarbeiding. Kommunen vert beden om at dei nye reinsekrava i denne nye forskrifta vert teken høgde for ved planlegging av nye reinseanlegg.

Bømlo Naturbruksutval

Naturbruksutvalet har hatt denne saka oppe i sitt møte 15.04.04. Frå vedtaket i dette utvalet tek eg med desse punkta:

- 2. Utvalet meiner at det er positivt at det er lagt inn investeringar både i område Innvær fjorden og Storavatnet. Utvalet meiner at ein i planperioden fram til 2008 må gjennomføra heile utbygginga i Innvær fjorden. Utbygging av 2. etappe med ein samla kostnad på kr. 3,4 mill. må difor inn i investeringsplanen frå 2004 til 2008.
- 3. Når det gjeld sanering av fellesleidning frå Gamle Leite og Ungdomsskulen så meiner Naturbruksutvalet at dette er eit svært viktig tiltak p.g.a overløpssituasjonen i pumpekummen ved Ungdomsskulen.
- 4. Vidare meiner utvalet at arbeidet med å få kopla på eldre hus til offentleg kloakk må intensiverast. Dette er spesielt viktig i nedslagsfeltet til Storavatnet. Målet må vera å få all kloakk vekk frå Storavatnet.
- 5. Naturbruksutvalet meiner at Bømlo Vatn og Avløpselskap må gjennomføra resipientundersøkingar kvart 5. år. I 2005 bør det gjennomførast undersøking i Innvær fjorden, Nessosen, Finnåsvika, Langevåg, Grindheimsvågen og Mælandsvågen.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

SIM har nytta Svein O. Sande i Interconsult til å vurdere planforslaget og har gitt ein uttale utan å gå detaljert inn i dei einskilde tekniske løysingane. Uttalen tar i hovudsak for seg to hovudproblemstillingar. Desse er målformuleringane og tilknytning av abonnentar med slamavskiljarar.

I brevet som i førre saksførelegg vart gjengjeve i sin heilskap, har eg her saksa desse uttalane:

”i første omgang til formuleringa av overordna mål i punkt 3. Der er det naturleg å formulere eit hovudmål som er retta mot ureining slik det er gjort i planen:

”å eliminere utslipp til innenlandsvassdrag og ikke egnede sjøresipienter med dårlig vannutskifting”.

Ut frå dette hovudmålet er det også naturleg å formulere miljømål som vist i tabell 16, og økonomiske mål som vist i tabell 17. Når det gjeld sistnemnde, finn vi grunn til å presisere mål 3.2, som vi finn svært viktig:

Avløpssektoren skal utbygges og drives slik at miljømålene nås og at totaløkonomien innen sektoren blir best mulig ut fra en kost/nytte – vurdering.

Som ei følge av denne formuleringa vil vi finne det naturleg at det i planen vert vist døme på vurderingar av kost/nytte sett i høve til ein totaløkonomi som sjølvsagt må inkludere både private og offentlege investeringar og kostnader.

- Ut frå slike vurderingar vil det deretter vere naturleg å formulere avløpstekniske mål. Slik planen er bygd opp, kjem dei avløpstekniske måla først, og vi finn dermed inga grunngjeving for mål”.

Og vidare:

”Og vi anar ei økonomisk prioritering utan miljømessig dokumentasjon når vi i punkt 5.2 ser eit forslag om følgjande viktige angrepspunkt i strategien:

- *Flere abonnenter. Disse vil (en) kunne (få?) som resultat av pålegg om tilknytning og som resultat av investeringer i nye avløpsanlegg.*

I punkt 5.8 er det vist til heimel i ulike lovverk som kan nyttast for å pålegge tilknytning til offentlege anlegg, og i punkt 5.8.6 er det sett forslag om at kostnaden for denne tilknytninga må vere over kr 150 000,- for at kommunen skal fråvike kravet om tilknytingsplikt.

Vi ser inga kost/nytte – vurdering som grunnlag for denne summen.

Det er sjølvsagt forståeleg at BVA ønskjer ei styrking av det økonomiske grunnlaget for bygging og drift av avløpsanlegg, men slik dette vert vektlagt og framstilt i tekst og figurar (til dømes figur 10), framstår 100% tilknytning til offentlege anlegg nærast som eit mål i seg sjølv, med ei grunngeving om at dette er nødvendig for å styrke økonomien.

Dermed fjernar ein seg frå hovedmålet om å betre miljøet, og å legge kost/nytte til grunn for dei avløpstekniske løysingane.

Innvær Gardslag

Gardslaget har konkludert slik (heile deira brev er gjengjeve i tidlegare saksframlegg):

Ibuarane rundt fjorden vil delta aktivt for at bedre miljø til sjøen, men me krev også gjenyting og forståing for våre synspunkter og meiningar og at det vert teke omsyn til desse når planen vert handsama i dei forskjellige fora:

Me ynskjer og, om mulig, at Innvær Gardslag får tilsendt sakspapira som er relevant for saken etter kvart som framdrifta går sin gang.”

Rubbestadneset Grendautval

I sin merknad til hovudplanen støttar Grendautvalet det Aksjon Rein Innvær fjord peikar på i sin uttale. Grendautvalet rår til at det vert sett i gong tiltak i Innvær fjorden straks på grunn av prekære situasjonen som rår i denne fjordarmen. Investeringsiltaka bør ikkje delast opp i to etappar, men gjennomførast snarast og i eitt trinn.

Storavatnet Fiskelag

I sin uttale til planen er medlemmane i laget ”svært positive til at eit av tiltaka i planen i perioden 2004 til 2008 er tiltak på Gamle Leite og Ungdomsskulen slik at ein får separert kloakk og drens vatn.”

Vidare ynskjer fiskelaget at kloakkleidninga i Hollundsbecken vert fjerna. Grunngevinga er at ”Skal ein få Hollundsbecken til gytebekk må kloakkleidninga som ligg i becken fjernast. Kostnadene med å fjerne kloakkleidning i Hollundsbecken må inn i tiltaksplanen i Hovudplan Avløp så snart som mogleg i planperioden frå 2004 til 2008.”

Sunnhordland Fiskarlag

Fiskarlaget ber om at Fiskarlaget vert kontakta når det er aktuelt å leggja nye sjøleidningar og at alle registrerte kaste- og låssetjingsplassar vert tekne særskilt omsyn til.

Fitjar kommune:

Fitjar kommune har kome med ein administrativ uttale til planen. I uttalen vert det konkludert med at ”det ikkje er trong for Fitjar kommune ”å gå inn i” lokale tilhøve hjå storebror i vest, men ber om at forvalting og tiltak i og kring Stokksundet må planleggjast og utførast i nært samarbeid mellom kommunane. Vidare heiter det at ”I plan for resipientgransking bør Stokksundet prioriterast i 2010 og arbeidet må planleggjast og utførast i nært samarbeid med kommunane Stord og Fitjar, samt at SIM også må inkluderast i dette arbeidet.”

Konsekvensanalyse frå BVA

Etter behandlinga av planen i kommunestyret i juni har BVA AS laga ein konsekvensanalyse. Denne er datert 06.09.04 og er ført i pennen av dagleg leiar Roy-Sverre Amundsen. Denne analysen er også vurdert av styreleiar i selskapet.

Eg gjengir heile denne analysen her:

Formål med notatet.

Notatet skal drøfte og klargjere dei miljømessige og økonomiske konsekvensane av kommunestyret sitt vedtak i sak 066 / 04 vedkomande "Hovudplan avløp". Drøftingane som er gjort i notatet skal vera objektive, og basert på gjeldande dokumentert praksis der slik dokumentasjon er tilgjengleg. Notatet tek utgangspunkt kva som er styrande både overnasjonalt, nasjonalt og lokalt når det gjeld miljømessige krav til avløpsvatn som potensiell forureiningskjelde.

Bakgrunn - Sentral og lokal forankring.

I følge SFT (Statens Forurenings Tilsyn) er : *"Opprydding i utslipp i spredt bebyggelse er en av hovedutfordringene i forhold til EUs rammedirektiv for vann."*

I fleire områder utgjer disse utsleppene et betydelig miljøproblem både når det gjelder hygieniske og bakteriologiske forhold i resipientar, samt forureining av viktige drikkevasskjelder. Fleire tusen septiktankar* med dårleg fungerande sandfilterløysingar må erstattast med infiltrasjonsanlegg, våtmarksfilter, biofilter, minireinsanlegg eller andre løysingar som tilfredsstillar krav til reinseeffekt.

* I Bømlo kommune er det ca. 2300 einskilutslipp frå septiktankar kor mange av disse ligg i områder som ikkje er definert som "spredt bebyggelse" men i tettbygde område som til dømes Urangsvågen, Rubbestadnes og Innværffjorden.

EUs rammedirektiv for vatn har som mål og krav å bringe alle resipientar til sin opphavsleg miljøstand innan 2015, og er direkte relatert til omgrepet *bærekraftig utvikling**.

*Prinsippet om bærekraftig utvikling er definert som; *"utvikling som skal møte dagens behov uten å ødelegge mulighetene for framtidige generasjoner."*

Omgrepet *bærekraftig utvikling* vart lansert i rapporten frå FN-kommisjonen for miljø og utvikling (tidleg på 1970 – talet) leia av Gro Harlem Brundtland. På eit overnasjonalt nivå er prinsippet om utvikling manifestert gjennom internasjonale konferansar; til dømes Rio – konferansen i 1992 - FN's konferanse om miljø og utvikling. Likeins er prinsippet nedfelt i EUs handlingsprogram for miljø og i traktattekstene. På nasjonal nivå er omgrepet forankra i overordna styringsdokument for norsk miljøpolitikk. I forslag til kommuneplan for Bømlo kommune er målsetjinga *"ei bærekraftig utvikling i Bømlo som stettar trongen til generasjonen som lever i dag utan at det svekkje livsgrunnlaget for komande generasjonar..... sjø, bekkar og ferskvatn i Bømlo skal vere mest mogleg i naturstilstand utan ureining."*

Det er nettopp dette som er bakgrunnen for overordna miljømål i hovudplan for avløp. Hovudplanen er Bømlo kommune sin viktigaste styringsdokument for å gjennomføre og måle effekten av dei investeringar og miljøtiltak som skal setjast i verk. BVA si rolle og forventingar til oss i denne samanhengen er som handlekraftig utførar med miljøfagleg kompetanse. Gjennom dei økonomiske rammevilkår som Bømlo kommune vedtek skal BVA vera ein effektiv og målretta reiskap for kommunen for å oppnå dei måla som ligg i planen. Det er i prosessen ved handsaming av planen vert hevda at "dette er BVA sin plan". Dette er sjølv sagt ikkje riktig. Bømlo kommune legg ambisjonsnivået både når det gjeld miljømål og investeringsnivå. For BVA er det viktigaste at me er fagleg og finansielt i stand til å tilfredsstille dei vilkåra som er

knytt til utsleppsløyve, og er for ein stor del knytt til drift, kontroll og fornying / rehabilitering av eksisterande distribusjons – og produksjonsanlegg. BVA si rolle er mellom anna å utgreie konsekvensane slik at det er samanheng mellom mål og middel, mellom det ein seier og det ein verkeleg gjer. Handsaminga av det årlege avgiftsbudsjettet saman med generalforsamlinga i BVA er i denne samanhengen Bømlo kommune sine arena for prioritering, styring og kontroll.

Punkt 3 – Finansieringsgrunnlag gjennom tvungen tilknytning / Organisering.

Det har sidan BVA vart etablert, 01.01.2003, berre gjeve eitt pålegg om tilknytning til ein huseigar. BVA har utarbeidd oversikt og kartgrunnlag som viser at det er mogeleg å gje pålegg om tilknytning til mange som i dag har septiktank, ofte utan tilfredsstillande etterhandsaming av avløpsvatnet. Rådmannen har satt som føresetnad for at skal gjevast nye pålegg at kommunestyret har slutthandsama hovudplanen og at maksimumsbeløpet for kva som er definert som uforholdsmessige høge kostnader er vedtatt.

BVA har i notat til rådmannen datert 12.07.2004 utgreia kva alternativ Bømlo kommune har når det gjeld korleis oppgåvefordelinga mellom Bømlo kommune og BVA kan organiserast når det gjeld planlegging og gjennomføring av saneringstiltak, pålegg om tilknytning, kontroll av forureining og klagehandsaming. I oppsummering / tilråding i notatet heiter det mellom anna, sitat :

”Bømlo kommune har 2 hovudalternativ når det gjeld kva organisatorisk ordning som skal gjelde for avgiftsområdet slam :

- 1. Oppretthalde og eventuelt vidareutvikle dei vilkåra og intensjonane som ligg i hovudavtalen mellom BVA og Bømlo kommune, samt hovudplan for avløp.*
- 2. Tilbakeføre oppgåvene som gjeld slam til Bømlo kommune og oppretthalde avtalen med SIM slik den ligg føre i avtalen mellom Bømlo kommune og SIM datert 06.07.99.*

I tillegg kan sjølvsagt Bømlo kommune reforhandle avtalen med SIM for å utvide eller minske SIM sitt ansvar og mynde innanfor avgiftsområdet.

Etter mi vurdering vil Bømlo kommune vera best tent med organisera slamområdet i samsvar med alternativ 1 med BVA som formelt ansvarleg for slamtenestene. Mi vurdering er gjort med følgjande grunngjeving :

For å oppfylle intensjonane i hovudplan for avløp er det særst viktig at heilskapsansvaret for kloakk og slam både når det gjeld mål og middel er eintydig plassert og ansvarleggjort organisatorisk. Dette gjeld også finansiering av planlegging, kontroll og gjennomføring av tiltak. BVA er både fagleg og økonomisk organisert og dimensjonert for å gjere ein best mogleg jobb for Bømlo kommune på dette området. Eg ser ikkje klart for meg kva anna alternativ løysing Bømlo kommune har til BVA når det praktisk og finansiell oppfølging av sanering av enkeltutslepp, miljøfokus og tvungen tilknytning, utan at kommunen sjølv tek på seg denne oppgåva. Om ikkje BVA skal ha ansvaret for kontroll av kloakkutslipp kven skal då planlegge, finansiera og gjennomføre dei tiltaka som er retta mot å få eksisterande einskildutslepp (slamavskiljarar) inn på fellessystem og kontrollerte utslepp i tråd med intensjonane i hovudplanen?

Vurdering og oppfølging av nye reinsekrav frå slamavskiljar i samsvar med lokal forskrift eller pålegg om tilknytning til felles kloakkanlegg vert ein viktig og ressurskrevjande oppgåve når hovudplanen for avløp er vedtatt. SIM kan rapportere direkte til BVA ved registrerte eller mistanke om lekkasjer frå slamavskiljar. BVA vil med bakgrunn i sin lokalkunnskap og bemanningsmessige kapasitet etter mitt syn vera den beste reiskapen for Bømlo kommune både fagleg og finansielt, til å vurdere og aksjonere ved lokal forureining frå kloakkanlegg. Om Bømlo kommune ønskjer å nytta den moglegheita til delegering av mynde som det er opna for i forureiningslova § 83 (sjå vedlegg) kan BVA ivareta denne oppgåva. Dette er i tråd med dei samtalar underteikna tidlegare har hatt med rådmannen i Bømlo når det gjeld minimalisering av kommunal ressursbruk innanfor dei avgiftsfinansierte tenestene. Om Bømlo kommune vel å delegera oppgåvene som er knytt til forureiningslova til BVA vil berre den forvaltningsmessige delen som er knytt til Plan og bygningslova (PBL) §§ 65 og 66 vera ei kommunal oppgåve. Om også dette let seg gjera å delegera til BVA er eg ikkje sikker på, men PBL § 123 (sjå vedlegg) opnar for at nokre oppgåver knytt til forureiningslova / forureiningsmynde kan delegerast. Eventuelle klagesaker på enkeltvedtak som skal handsamast av Bømlo kommune meiner eg at BVA si lokale tilknytning vil vera i best stand til å saksførebu for Bømlo kommune.

Om Bømlo kommune ønskjer å påverke eller ha ei sterkare styring med utviklinga innanfor dei avgiftsfinansierte tenestene er det lettare, både ved dagleg dialog og formelt gjennom styrande organ, gjennom BVA samanlikna med SIM grunna lokal tilknytning og organisasjonsform / eigarstruktur.

BVA vil ikkje tilrå at det vert oppstart på saneringsprosjekta i Urangsvågen eller Innvær fjorden før den administrative og faglege organisering vedkomande arbeidet med pålegg om tilknytning er på plass.

Punkt 3 – Uforholdsmessige høge kostnader.

Kommunestyret sitt vedtak

Kommunestyret har vedtatt eit maksimumsbeløp på kr. 65 000 inkl. mva. og inklusive tilknytingsgebyr for kva som skal definerast som uforholdsmessige høge kostnader med referanse til PBL § 66. Kommunestyret sitt vedtak gjev følgjande resultat for ein normal eiebustad (80 – 350 kvm.) i 2004 :

Tema / Kostnadsstad	Beløp ekskl. mva.	Meirverdiavgift	Beløp inkl. mva.
Tilknytingsgebyret	11 990	2 877	14 867
Maksimumsbeløp	40 429	9 704	50 133
Sum	52 419	12 581	65 000

Tabell – Kostnadsdeling mellom tilknytning og maksimumsbeløp i 2004

Rådmannen har i si innstilling tilrådd at tilknytingsgebyret vært halde heilt utanom maksimumsbeløpet / grensebeløpet for kva som er definert som uforholdsmessige høge kostnader. Dette har si naturlege forklaring i spørsmålet om kva som skjer med maksimumsbeløpet når tilknytingsavgifta vert auka. Skal maksimumsbeløpet aukast tilsvarande, aukast på anna måte eller skal det stå fast ? Slik vedtaket er utforma må maksimumsbeløpet reduserast tilsvarande auken i tilknytingsavgift. BVA går ut frå at det ikkje er dette kommunestyret har meint. Maksimumsbeløpet må med andre ord

fastsetjast uavhengig av tilknytingsgebyret. Kommunestyret gjer vedtak om nivået på tilknytingsgebyret kvart år i samband med avgiftsbudsjettet. Det er naturleg at det leggjast ein reguleringsklausul til vedteken maksimumsbeløp, til dømes endringa i konsumprisindeksen eller byggekostnadsindeksen, eller at også maksimumsbeløpet vert handsama kvart år i samband med avgiftsbudsjettet.

Sakshandsamingsprinsipp / Avgjerdsgrunnlag.

Fastsetjing av det beløpet som kan definerast som ein grense for ”uforholdsmessige kostnader” i samband med tvungen tilknytning (jfr. PBL § 66) skal ikkje skje som følge av eit politisk skjøn. Maksimumsbeløpet skal ikkje vera tufta på kva kvar einskild heimelshavar til ein eigedom er viljug til å prioritera til investeringar i avløpsanlegg eller kva kvar einskild har moglegheit til å klare å finansiera. Maksimumsbeløpet skal vera basert på ei objektiv vurdering av kva det vil koste kvar einskild om andre alternativ vert kravd. Fylkesmannen i Hordaland har ved klagesaker samanlikna maksimumsbeløpet ved tilknytning med alternative individuelle avløpsløyser (minireinseanlegg med fosforfjerning eller fullreinseanlegg). Når Bømlo kommune skal revidera sine lokale forskrifter, og harmonisere disse mot sentrale krav, vert det krav om minireinseanlegg for dei som ligg i nedslagfelt til ferskvassresipientar og eventuelt utsette sjøresipientar. Dette prinsippet om alternativ kostnad er nytta i framlegget til rådmannen kor forslag om maksimumsbeløpet er sett til ca. kr. 120 000* eksklusive mva. og eksklusive tilknytingsavgift. Eit minireinseanlegg for eitt hus er kalkulert til ein kostnad ca. kr. 90 – 130 000 ekskl. mva. Sjølve reinseanlegget kostar ca. kr. 60 – 65 000. Grunnarbeid, rør og elektro ca. kr. 20 – 40 000 avhengig av grunnforhold, og fordelingsgrøfter ca. 10 – 25 000 avhengig av lokale tilhøve. Driftskostnader for eit minireinseanlegg er ca. kr. 2 500 – 3 000 ekskl. mva. pr. år. Kapitalkostnader (avskrivning og renter) med ei investering på kr. 100 000, 40 års avskrivning og ei rente på 4 % pa. tilsvarar årlege kapitalkostnader på kr. 6 500. Til samanlikning kan nemnas at årsgebyret for kloakk for ein normal bustad på Bømlo er kr. 3 005 i 2004.

*I innstillinga frå rådmannen står det kr. 150 000 **eksklusive** mva. Det riktige er kr. 150 000 **inklusive** mva.

Det har i dei siste åra vore få klagesaker til handsaming hos Fylkesmannen. Dette har samband med at det finnst relevant rettspraksis på området som har skapt presedens. I følgje Fylkesmannen var eit maksimumsbeløp på kr. 75 000 for tvungen tilknytning sett på som normalt og akseptabelt ”for noen år sidan”. Til samanlikning er det uttalt, utan at eg har nokon skriftleg dokumentasjon, at det i Bømlo for 10 – 12 år sidan var eit maksimumsbeløp på kr. 60 000 for tvungen tilknytning til offentlege kloakkanlegg.

Dette utløyser eit klassisk dilemma; korleis skal delinga mellom kva fellesskapet (her : eksisterande abonnentane) og einskildpersonar / verksemder (her : dei som får pålegg om tilknytning) når det gjeld kostnader og finansiering. Alternativ kostnad slik det kjem fram saman med prinsippet om at forureinar betalar er ein indikasjon på at kommunestyret under punkt 3 i vedtaket ikkje har fått god nok informasjon om kva som er prinsippa og normal gjeldande praksis. Eit maksimumsbeløp på ca. kr. 40 000 ekskl. mva og ekskl. tilknytingsgebyr er sær s lågt og reflekterar eit kostnadsnivå som ligg langt tilbake i tid. Det er med andre på ingen måte samsvar mellom alternativ pris og det som Bømlo kommunestyre har vurdert som ”uforholdsmessig høge kostnader”. Generelt kan ein derfor seia at dei abonnentane som i dag er tilknytt dei offentlege

kloakkanlegga må betala / finansiera investeringar som normalt tilhøyrar ”den private” som sjølv har eit miljøproblem og samstundes er den som forureinar.

Eit anna døme kva konsekvens eit lågt maksimumsbeløp gjev er dei oppryddingstiltak som er planlagt langs sjølina gjennom såkalla trykkavløpsanlegg kor kvar abonnent må ha eige pumpestasjon for å løfte kloakken inn på offentleg hovudleidning. Eit maksimumsbeløp på kr. 40 000 dekker knapt sjølve pumpestasjonen. Offentleg leidning til hytter og rorbuer i strandsona må følgjeleg leggjast heilt fram til dørstokken. Innværfjorden og Mosterhamn er gode døme på prosjekt av denne typen. Spørsmålet er om det er ønskjeleg at eksisterande abonnentane skal betale investeringar som normalt tilhøyrar dei som eig hytter og rorbuer.

Eit anna argument som forsvarar eit høgare minimumsbeløp er at verdien på eigedomane normalt får ein auke som følgje av tilknytning til offentlege anlegg.

Konsekvensane om dette beløpet vert gjeldande er at Bømlo kommune må dempa sine miljømål når det gjeld ”sjø, bekkar og ferskvatn” slik dei kjem fram både i hovudplanen og kommuneplanen. Kostnader knytt til investeringar ved nyanlegg kor det er mogleg med sanering og tilknytning av nye abonnentar vil auke med 15 – 20 %. Investeringar må strekkjast ut i tid. Dei resipientane som i dag er utsett for forureining frå kloakk kan verta ytterlegare forverra. Det er sannsynleg at talet på nye abonnentar gjennom tvungen tilknytning vært færre.

Punkt 4 – Avgiftsauken i planperioden vert sett til 4 % årleg.

Det som i første rekkje vil ha innverknad på avgiftsnivået i planperioden, fom. 2005 – tom. 2008, er følgjande sentrale faktorar :

- Investeringsnivå – utløyser årlege avskrivningar og renter.
- Rentenivå.
- Løns – og prisstigning.
- Byggjeaktiviteten i Bømlo kommune.
- Talet på nye abonnentar gjennom tvungen tilknytning.
- Driftskostnader.

Den mest stabile faktoren er driftskostnadene kor det i ein planperiode vert utjamning over dei åra perioden varer. Dei andre faktorane er meir usikre i ein planperiode, og er samstundes av avgjerande tyding for avgiftsnivået. Til dømes vil ei renteendring på 2 % (opp eller ned) utgjere ca. kr. 760 000 pr. år som svarar til ca. 10 - 12 % av totale årskostnader. Ein svikt i byggjeaktiviteten og / eller manglande bruk av tvungen tilknytning som utgjer 50 abonnentar gjev ein svikt i inntektene på ca. 650 – 700 000, tilsvarande ca. 9 – 10 % av årlege inntekter. Motsatt kan auke i byggjeaktiviteten og mange nye tilknytningar gjennom pålegg, låg løns og prisstigning saman med ei stabil låg rente gje stor positive utslag på avgiftsnivået i perioden.

Ei fast avgiftsauke pr. år er følgjeleg særst vanskeleg å styre etter. Store investeringar gjort i periodar med låg rente og relativt lågt avgiftsnivå kan på lang sikt i periodar med høg rente gje stor avgiftsauke.

Kommunestyret får kvart år avgiftsbudsjettet til handsaming. Grunnlaget for avgiftsbudsjettet er ein kombinasjon mellom historikk og framtid, ein kombinasjon mellom evaluering og nye mål. Kommunestyret har alle moeglegheiter til å prioritera kva tiltak som skal gjennomførast eller utsetjast, eller om nye prioriteringar skal

gjerast. BVA tilrår derfor at punkt nr. 4 i vedtaket går ut. Om kommunestyret ønskjer å gje signal om forventa avgiftsnivå kan dette uttrykkjast som eit mål i staden for som vedtak om at avgifta **skal** aukast med ein fast prosentsats.

Oppsummering / Tilråding

Hovudplan avløp for Bømlo kommune er harmonisert mot kommuneplanen når det gjeld miljømål og bærekraftig utvikling for dei resipientane som ligg i nedslagsfelt til kloakkanlegg. I samband med planprosessen, høyringsprosessen og den politiske handsaming har planen fått positiv tilbakemelding både frå interne interessentar i Bømlo kommune og frå eksterne høyringsinstansar.

BVA har gjennom dette notatet peikt på kva konsekvensar kommunestyret sitt vedtak har for gjennomføring av tiltaka / investeringane i planen, og kva alternativ som ligg føre når det gjeld organisering og finansiering av forvaltningsmessige oppgåver knytt til både Plan og bygningslova og Forureiningslova.

BVA si tilråding kan oppsummerast på følgjande måte :

- Organisering, bemanning og finansiering av dei oppgåvene som er knytt til pålegg om tilknytning må avklarast før rehabiliteringsprosjekt vert gjennomført.
- BVA har i dag ein organisasjon med kompetanse og kapasitet til å ivareta dei forvaltningsmessige oppgåvene knytt til avgiftsområda om Bømlo kommune ønskjer å delegere ansvaret.
- Maksimumsbeløpet på kr. 40 000 ekskl. mva. når det gjeld kva som er definert som "uforholdsmessig høge kostnader" ved pålegg om tilknytning er særst lågt, og følgjer ikkje kalkulasjonsprinsippet om alternativ kostnad. Om maksimumsbeløpet vert ståande gjev dette relativt stor auke i investeringskostnadene for einskilde prosjekt.
- Tilknytingsgebyr må ikkje vera inkludert i maksimumsbeløpet ved pålegg om tilknytning.
- Fastsetjing av avgiftsnivået for heile planperioden 2005 – 2008 i samband med slutthandsaming av planen er hefta som mange usikre faktorar. Avgiftsnivået må fastsetjast særskilt for kvart år i planperioden i samband med handsaming av det årlege avgiftsbudsjettet.

Presisering :

BVA vil presisera at notatet må sjåast på som ei miljøfagleg og økonomisk konsekvensutgreiing, som skal vera ei støtte for rådmannen sine vurderingar og tilrådingar i samband med handsaming av hovudplanen. Notatet er såleis på ingen måte meint å vera eit politisk innspel i samband med slutthandsaming av planen, men eit objektivt dokument som i størst mogleg grad skal klargjera fakta og alternative løysingar.

Merknad :

Punkt 5 i vedtaket i kommunestyret i sak 066 / 04 som gjeld revisjon av Hovudavtalen / Driftsavtalen mellom Bømlo kommune og BVA vert handsama som eiga sak. Rådmannen har pr. dato saka under førebuing.

Vurderingar:

Vurdering av notatet frå BVA vil eg koma tilbake til etter at innkomne merknader til planutkastet er vurdert.

Mange av dei innkomne merknadane til hovudplanen er samanfallande og eg har valt å drøfta dei ulike momenta tematisk.

Innværfjorden

Fire av merknadane rettar merksemda si mot tilhøva i Innværfjorden. Både Aksjon Rein Innværfjord, Rubbestadneset Grendautval, Naturbruksutvalet og Innværgardslag er svært opptekne av at det vert sett i gong tiltak for å betra tilhøva i denne fjorden. Alle ber om at dei tiltaka som gjeld Innværfjorden vert gjennomført i perioden 2004-2008 og at dei vert utført i ein eingong.

Dette har rådmannen lagt inn i tiltaksplanen for perioden 2004 – 2008. I tiltaksplanen har ein difor teke med begge etappane for sanering av Innværfjorden pluss tiltaket som er kalla Sanering Søresjøen. Tiltaksplanen er vist under ”Økonomiske konsekvensar”.

Dette representerar ei samla investering på i overkant av 11 millionar kroner. Som det går fram av oppstillinga, vil dette alternativet føra til ei årleg investering på om lag 9 mill. kroner i perioden 2004-2008.

Registreringane som Aksjon Rein Innværfjord har samla inn, har vore med i dei vurderingane som har ført til dei prioriteringane som ligg i planforsalget. Oversikten som er laga i tabell 13 side 19 viser alle til tidlegare resipientgranskingar gjennomført på bestilling frå kommunen. Rådmannen fin difor ikkje grunn til å leggja aksjonsgruppa sine data og registreringar inn i denne oversikten i plandokumentet.

Tidfesting av planmessige og organisatoriske tiltak

I merknaden frå fylkesmannen si miljøvernaving vart det peika på at det bør lagast eit program for resipientgransking prøvetaking. Vidare burde dei andre planmessige og organisatoriske tiltaka tidfestast.

Dette er løyst i planen ved i laga ei eiga kolonne der desse tiltaka har fått ein tidsfrist for gjennomføring.

Nr	Planmessige og organisatoriske tiltak	Frist
A	Oppdatere ledningskartverk Gemini VA	Pågår
B	Etablere lokal forskrift for utslipp av avløpsvann.	31.12.04
C	Etablere egen stilling i Bømlo kommune for arbeid med pålegg om tilknytning.	
D	Prosjektering pilotforsøk trykkavløp Mosterhamn	Utsett inntil vidare
E	Forprosjekt Innværfjorden	30.06.04
F	Forprosjekt nytt KRA Nesse	30.09.04
G	Forprosjekt Urangsvågen	30.06.04

H	Forprosjekt separatsystem fra Leitet til Sv.	31.12.06
I	Utarbeide program for res.undersøkelser	
J	Forprosjekt KRA Rubbestadneset, Notlandsvågen og Eidesvik.	30.09.04.
K	Felles beredskapsplan for vann og avløp	Pågår

Tabell 1 (jfr. tabell 34 i hovudplanen) – Planmessige og organisatoriske tiltak.

I denne sammenhengen peika Naturbruksutvalet på at det må gjennomførast resipientgranskingar kvart 5. år. Dette skal takast med i vurderingane når det endelege programmet for resipientgranskingar og prøvetakingar vert sett opp.

Målformuleringar

Merknaden frå Sunnhordland Miljøverk IKS tar for seg ein del drøftingar av målformuleringane i planen. Dette får stå for SIM sin rekning, men målsetjingane som no ligg inne i planforslaget har tidlegare vore drøfta i planutvalet og rådmannen rår til at desse ikkje vert endra på bakgrunn av denne merknaden.

Område med krav til 100% kloakkløysingar

I nokre av merknadane vert det teke til orde for å ikkje påleggja huseigarar som har ”vel fungerande slamavskiljarar”, å knyta seg til eit offentleg silanlegg med dårlegare reinsing enn ein slamavskiljar. Rådmannen vil framleis halda på prinsippet om at i dei områda der det er tett busetnad med svært sårbare resipientar skal ha krav om 100% tilknytning til det offentlege kloakknettet. Utafor desse områda vil det gjennom eit nytt regelverk kalla ”lokal forskrift” bli laga forskrifter som regulerer dette noko ”lempelegare”. Som det går fram av den nye tabell 34, skal desse forskriftene arbeidast ut innan utgangen av 2004.

Storavatnet Fiskelag peikar på at Hollundsbekken bør restaurerast som gytebekk slik at den på nytt vert ein god gytebekk og at utsetjinga av fiskeyngel kan avsluttast. Lukkinga av denne bekken er godkjend av fylkesmannen tidlegare med klåre vilkår. Rådmannen finn ikkje rom for å leggja dette tiltaket inn i planen, men dersom Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS i samband med andre driftstiltak kring Storavatnet finn rom for dette innafor andre driftstiltak, bør problemet kunna løysast i ein slik samanheng.

Fitjar kommune peikar på viktigheten av å samarbeida om forvaltninga av Stokksundet. Programmet for resipientgransking som skal lagast, bør setjast opp slik at det vert ei koordinering mellom kommunane på begge sider av Stokksundet og SIM. Dette vart gjort seinast i år 2000 og rådmannen vil rå til at dette også vert gjort neste gong det er aktuelt med ny resipientgransking.

Konsekvensanalysen frå BVA.

Rådmannen vil gripa fatt i tre moment som dannar hovudelementa i notatet frå BVA. Desse er organisatoriske tilhøve, spørsmålet om storleiken på ”uforholdsmessig høge kostnader” og nivået på den årlege avgiftsauken.

Organisatoriske tilhøve

I samband med utskiljinga av VA-tenestene i eit eige selskap vart oppgåvene med investeringar og drift av desse tenestene plassert hos BVA gjennom ein eigen hovudavtale og på denne måten organisatorisk plassert. I same avtalen vart det også teke inn oppgåver knytt til

slamtenestene. I denne avtalen var det ikkje godt nok samsvar mellom kva oppgåver som skulle liggja hos BVA og innhaldet i avtalen som kommunen alt hadde inngått med SIM. Dette avviket vert no retta opp gjennom revisjon av hovudavtalen mellom BVA og kommunen i ei eiga sak til kommunestyret i november.

BVA er organisert og bemanna opp slik at dei sit på svært god kompetanse til også å utføra ein del oppgåver som ikkje har vore lagt til BVA tidlegare. Dette gjeld arbeid knytt til pålegg om tilknytning til offentleg leidningsanlegg og kontroll av separate avløpsanlegg. Det er viktig at me framover får på plass ei organisering som sikrar ei optimal arbeidsfordeling mellom kommunen og BVA innafor oppgåver knytt til avgiftsområda vassforsyning, avløp og slam. Vidare er det avgjerande at oppgåver og arbeid som er avgiftspliktig vert lagt til den organisasjonen som har gjennomføringsansvaret. Her må det berre vera lovverket som eventuelt set grenser for kva oppgåver kommunen ikkje kan delegera til BVA.

Rådmannen meiner at det vil vera ei god ordning at BVA får alt ansvar for å leggja til rette for pålegg om tilkopling til offentlege anlegg og kontroll med separate avløpsanlegg. Dette vil bety at dersom det er behov for ei eiga stilling innafor dette området, må det vera BVA og ikkje kommunen som tilset og lønner ei slik stilling som er nemnd under punkt C i tabell 34 side 46 i avløpsplanen.

Uforholdsmessig høge kostnader

I analysen frå BVA er det gjort grundig greie for følgjene ved å setja eit lågt tak på desse kostnadene. Set me dette kostnadstaket for lågt, meiner rådmannen at ein er med og favoriserar dei som får pålegg om å knyta seg til offentleg nett på bekostning av dei abonnentane som alt er knytte til. Ei slik favorisering strir mot prinsippet om at det er forureinar som skal betala.

Spørsmålet om dette beløpet skal inkludera tilknytingsavgift eller ikkje er ikkje avgjerande for rådmannen, men prinsipielt bør ikkje desse vera knytte opp mot kvarandre på ein slik måte at ein auke i tilknytingsgebyret fører til ein reduksjon av summen for uforholdsmessige kostnader.

Gjennom mange års erfaringar frå fylkesmannen si behandling av tilknytningssaker er det ingen fare for at dette vil verta underkjent om grensa vert sett til kr. 150 000 ein gong.

Konsekvensen av å setja for låg grense på kostnadene vil føra til at investeringar må skyvast ut i tid, oppnåing av miljømåla vil ta lenger tid (kanskje må dei også lempast på) og ikkje minst vil færre vera med å sikra eit betre miljø lokalt.

Kva som til sjuande og sist er ”rett” kostnad er ikkje lett å slå fast, men sett på bakgrunn av dei vurderingar som går på alternative avløpsløyser og tidlegare tak på desse kostnadene (om lag kr. 60 000 tilbake på midten av 1990-talet i Bømlo kommune), meiner rådmannen at summen ikkje bør setjast lægre enn kr. 100 000. Denne summen kan indeksjusterast og ikkje vera gjenstand for årlege vurderingar i samband med behandlinga av gebyrfastsetjinga.

Årleg avgiftsauke

Følgjene av å binda seg til ein fast auke på 4% årleg er grundig belyst frå BVA si side. Rådmannen har meir tru på at avgiftsnivået vert vurdert årleg i takt med endra rammevilkår som rente, pris- og lønsvekst, byggjeaktivitet m.m.

Fråsegn frå eldrerådet:

Eldrerådet har fått plandokumentet til høyring og har ikkje kome med merknader. Saka har ikkje vore lagt fram for eldrerådet etter kommunestyret sitt møte i juni.

Økonomiske konsekvensar:

I prinsippet får ikkje kommunen andre kostnader enn arbeid i samband med utarbeiding av planen og den formelle delen av sakshandsaminga. Investeringar og drift av dei offentlege leidningsanlegga er overført til Bømlo Vatn og Avløpsseks AS i samsvar med hovudavtalen med kommunen (denne avtalen er under revisjon og blir behandla av politiske organ i løpet av denne hausten). Avløpsområdet er sjølvfinansierande i medhald av gjeldande lovar og forskrifter på området og i praksis er det avløpsabonnentane som må bera kostnadane gjennom avløpsgebyra.

Med bakgrunn i avgiftsbudsjett for 2004 vedtatt i Bømlo kommunestyre og forslag til prioritering av tiltak slik dei kjem fram i hovudplanen tabell 36 er forslag til tiltak / investeringar som følgjer for perioden 2004 – 2008 :

Anlegg / Prosjekt	Kostnad	Utb. / Fin. 2004	Utb. / Fin. 2005	Utb. / Fin. 2006	Utb. / Fin. 2007	Utb. / Fin. 2008
Rehabilitering leidn.nett	2 500	500	500	500	500	500
Rehab. Pumpestasjonar	6 000	1 500	1 500	1 500	750	750
Pumper kloakkreinsea.	200	100	100			
Driftsoverv. – Fornying	600	300	300			
Overf. Skimlandsdalen	600	600				
Fellesl. Leitet og U.sk.	2 500					2 500
San. utslipp Mosterh.	1 500					1 500
Sanering utsl.Urangsv.	5 500	1 000	2 500	2 000		
Sanering utsl. Meling	1 800				1 800	
Sanering utsl. Innværffj.	8 500	300	4 100	4 100		
Sanering Søresjøen	2 700				2 700	
Rehab. reinseanlegg	8 000	500	2 500	2 500	1 000	1 500
Andre anlegg/invest.	2 500	500	500	500	500	500
VA – anlegg til b.felt	1 500	300	300	300	300	300
Andre invest. / utstyr	1 500	300	300	300	300	300
Sum investeringar	45 900	5 900	12 600	11 700	7 850	7 850
Snitt inv.ramme pr. år	9 000					

Tabell 2 – Investeringsbudsjett kloakk 2004 - 2008

Konsekvensane for gebyrutviklinga går fram av vedlagte oversikter. Alternativ I viser utviklinga under føresetnaden av ingen eller moderat bruk av pålegg om tilknytning, medan alternativ II føreset at Bømlo kommune pålegg tilknytning innanfor dei rammene som er vedtatt av Bømlo kommunestyre.

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Akkumulert
----	------	------	------	------	------	------	------	------------

								2003-2010
Alternativ I	15 %	15 %	15 %	10 %	10 %	5 %	3 %	99 %
Alternativ II	15 %	7 %	7 %	7 %	7 %	5 %	3 %	63 %

Tabell 3 (jfr. tabell 39 i hovudplanen) – Gebyrutvikling / årsgebyr 2004 - 2010

Rådmannen viser elles til det som er sagt under vurderingane av konsekvensanalysen frå BVA med omsyn til kostnader og avgiftsnivå.

Miljømessige konsekvensar:

Hovudplanen for avløp er ein av dei viktigaste reiskapane for å ta i vare miljøet. Føremålet med planen er nettopp å sikra at all transport og reinsing av forureina avløpsvatn vert gjort på ein måte som sikrar at forureininga ikkje fører til helseskade, går ut over trivsel eller skadar naturen si evne til produksjon og sjølvforying.

Oppsummering og konklusjon:

Høyringsrunden har vist at planforslaget er eit godt grunnlag for den endelege planen og det har kome inn etter måten få merknader. Det har likevel kome inn viktige innspel som rådmannen har rådd til å arbeida inn i hovudplanen. Rådmannen rår til at planen vert vedteken med dei endringane som er vist i saksframlegget.

I tillegg byggjer oppsummeringa nedanfor på konsekvensanalysen frå BVA.

- Tilhøva i Innvær fjorden er sett på dagsorden på ein slik måte at rådmannen har fått arbeidd ut ein alternativ tiltaksplan med tilhøyrande økonomisk oversikt.
- Gjennomføring av dei planmessige og organisatoriske tiltaka er tidfesta på lik line med investeringstiltaka. Stilling med arbeidsområde innafor pålegg om tilknytning må eventuelt opprettast i BVA der det vert lagt opp til eit nært samarbeid med kommunen si avdeling for arealbruk.
- Kommunen delegerar oppgåver innafor slam og pålegg om tilknytning så langt lovverket tillet.
- I vedtaket er det viktig å få fram kva kommunen reknar som ”uforholdsmessig høge kostnader”. Rådmannen rår til at dette beløpet vert sett til kr. 100 000 inklusiv meirverdiavgift. Tilknytingsgebyr er ikkje med i dette beløpet.
- Den årlege veksten i årsavgiftene kan fastsetjast særskilt kvart år i planperioden i samband med behandling av avgiftsbudsjettet.
- Hovudplan avløp er ein kommunedelplan og skal etter godkjenning i utval for drift og utvikling behandlast av kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommunestyre godkjenner hovudplan for avløp med dei endringar som går fram av kommentardelen i saka.
2. Bømlo kommunestyre godkjenner tiltaksplanen for perioden 2004-2008 slik

den kjem fram i tabell 2 i saka.

3. Rådmannen skal i samarbeid med BVA sikra best mogleg finansieringsgrunnlag for framtidige investeringar gjennom bruk av pålagt tilknytning av abonnentar der dette er i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. Grensa for kva som vert definert som uforholdsmessig høge kostnader i Plan- og bygningslova § 66 skal setjast til kr. 100 000 inklusiv meirverdiavgift og indeksjusterast årleg. Tilknytingsgebyr er ikkje inkludert i dette beløpet.
4. Avgiftsnivået skal fastsetjast særskilt for kvart år i planperioden i samband med handsaming av det årlege avgiftsbudsjettet.

Behandling:

Framlegg frå Knut Wegner Meling (H) om tillegg i pkt 2 i rådmannen sitt framlegg:

, i henhold til tabellen som vart lagt fram på møtet.

Framlegg frå Knut Wegner Meling (H) om nytt pkt 5:

BVA får i oppdrag å lokalisera/kartleggja industriutslepp i Innværkjorden og laga ein tiltaksplan for korleis problemet kan løysast og eventuelt koblast opp mot kloakk-saneringa i området.

Framlegg frå Bjørn Ingvaldsen (A) om nytt pkt 6:

Utval for drift og utvikling i Bømlo ber om at innkrevjinga av slamtømningsavgifta for private slamavskiljarar vert pålagt BVA (Bømlo Vatn og avløp) å organisera. Dei kan igjen plassere kontrakten til SIM (Sunnhordland Interkommunale Miljøverk). Prisen for slamtøming bør setjast på eit nivå som ligg over "sjølkost", som p.t. er ca kr 650,-
Kr .1000,- bør vera ein rimeleg pris. Denne skal regulerast etter same prinsipp som kommunal kloakkering i framtida. Midlane BVA får inn med denne ordninga, skal nyttast til utbygging av kommunale avløpsanlegg i Bømlo kommune.

Framlegg frå Reidar Sortland (FrP) om følgjande nytt pkt 3:

Velfungerande private septiktankar skal ikkje tvangspåkoblast utan at dei kan påvisast forurensande.

Nybygg, samt dei som har ulovleg kloakkutslepp, skal tilkoblast det offentlege nettet i 100% sonen. Summen for tilkobling skal ikkje overskrida kr. 50.000,- eks. mva. Tilkoblingsavgift er ikkje inkl. i dette beløpet.

Framlegg frå Reidar Sortland (FrP) om to nye punkt som følgjer:

Det skal ikkje investerast for meir årleg enn at gebyrinntektene dekker investeringane. Vedlikehaldet av eksisterande anlegg må prioriterast.

BVA utarbeider eit regelverk for sanering slik at ved for eksempel eigedomsoverdragelse og utbygging kan abonnenten krevjast å tilkoblast det offentlege anlegget.

Det var røysta punktvis over framlegga.

Pkt. 1 rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegget frå Knut Wegner Meling (H), vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 nytt framlegg frå Reidar Sortland (FrP) vart mot seks røyster ikkje vedteke (Knut W. Meling (H), Karsten Fylkesnes (KrF), Kjell Lønning (KrF), Bjørn Ingvaldsen (A), Terje Olav Nesse (V) og Kjetil Hus (H).

Pkt. 4 i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Pkt 5 nytt framlegg frå Knut Wegner Meling (H) vart samrøystes vedteke.

Pkt 6 nytt framlegg frå Bjørn Ingvaldsen (A) vart mot fire røyster vedteke (Knut Wegner Meling (H), Kjetil Hus (H), Karsten Fylkesnes (KrF) og Kjell Lønning (KrF).

Pkt 7 nytt framlegg frå Reidar Sortland (FrP) vart mot fire røyster vedteke (Knut Wegner Meling (H), Kjetil Hus (H), Karsten Fylkesnes (KrF), Kjell Lønning (KrF)).

Pkt 8 nytt framlegg frå Reidar Sortland (FrP) vart mot fem røyster ikkje vedteke (Knut Wegner Meling (H), Kjetil Hus (H), Karsten Fylkesnes (KrF), Kjell Lønning (KrF) og Bjørn Ingvaldsen (A)).

Pkt 9 nytt framlegg frå Reidar Sortland (FrP) vart mot fem røyster ikkje vedteke (Knut Wegner Meling (H), Kjetil Hus (H), Karsten Fylkesnes (KrF), Kjell Lønning (KrF) og Terje Olav Nesse (V)).

Innstilling:

Utval for drift og utvikling **innstiller** slik overfor kommunestyret:

1. Bømlo kommunestyre godkjenner hovudplan for avløp med dei endringar som går fram av kommentardelen i saka.
2. Bømlo kommunestyre godkjenner tiltaksplanen for perioden 2004-2008 slik den kjem fram i tabell 2 i saka, i henhold til tabellen som vart lagt fram på møtet.
3. Rådmannen skal i samarbeid med BVA sikra best mogleg finansieringsgrunnlag for framtidige investeringar gjennom bruk av pålagt tilknytning av abonnentar der dette er i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. Grensa for kva som vert definert som uforholdsmessig høge kostnader i Plan- og bygningslova § 66 skal setjast til kr. 100 000 inklusiv meirverdiavgift og indeksjusterast årleg. Tilknytingsgebyr er ikkje inkludert i dette beløpet.
4. Avgiftsnivået skal fastsetjast særskilt for kvart år i planperioden i samband med handsaming av det årlege avgiftsbudsjettet.
5. BVA får i oppdrag å lokalisera/kartleggja industriutslepp i Innvær fjorden og laga ein tiltaksplan for korleis problemet kan løysast og eventuelt koblast opp mot kloakk-saneringa i området.
6. Utval for drift og utvikling i Bømlo ber om at innkrevjinga av slamtømningsavgifta for private slamavskiljarar vert pålagt BVA (Bømlo Vatn og avløp) å organisera. Dei kan igjen plassere kontrakten til SIM (Sunnhordland Interkommunale Miljøverk). Prisen for slamtøming bør setjast på eit nivå som ligg over "sjølkost", som p.t. er ca kr 650,-
Kr .1000,- bør vera ein rimeleg pris. Denne skal regulerast etter same prinsipp som kommunal kloakkering i framtida. Midlane BVA får inn med denne ordninga, skal nyttast til utbygging av kommunale avløpsanlegg i Bømlo kommune.
7. BVA utarbeider eit regelverk for sanering slik at ved for eksempel eigedomsoverdragelse og utbygging kan abonnenten krevjast å tilkoblant det offentlege anlegget.

Protokolltilførsel frå Sammy Olsen (SP):

Sammy Olsen etterlyser vassforsyning til Bømlo Industrier AS.

Dagleg leiar i BVA AS, Roy Sverre Amundsen, opplyste om at det er sendt eit notat frå BVA AS til rådmannen i Bømlo.

Sammy Olsen vil påleggja administrasjonen og få fram informasjon om kva som har skjedd i denne saka i neste møte i drift og utvikling.

Behandling:

Knut Wegner Meling (H) kom med framlegg på vegne av Høgre, Venstre og Kristeleg folkeparti om punkt 1 – 5 i innstillinga frå drift og utvikling men med eit nytt punkt 2 som følgjer:

Bømlo kommunestyret godkjenner tiltaksplan for perioden 2005- 2008 slik den kjem fram av følgjande tabell:

Anlegg/Prosjekt	Kostnad	2005	2006	2007	2008
Rehabilitering leidn.nett	2 000	500	500	500	500
Rehab. pumpestasjoner	4 500	1 500	1 500	750	750
Sanering utsl. Urangsvåg	3 600	2 600	1 000		
Sanering utsl. Meling	1 800		600	1 200	
Sanering Innvfj/Søres.	15 000		5 000	5 000	5 000
Rehab. reinseanlegg	8 000	3 000	2 500	2 500	
Leidning Bremnes sentr.	1 000	1 000			
Driftsbygg/ Tilbygg	800	800			
Fellesl. Leite-U.skulen	2 500				2 500
San.utslepp Mosterhamn	1 500				1 500
Andre anlegg/invist.	2 000	500	500	500	500
VA-anlegg til b.felt	1 200	300	300	300	300
Andre invest./utstyr	1 200	300	300	300	300
Sum invisteringer	45 100	10 500	12 200	11 050	11 350
Snitt inv.ramme pr. år.	11 275				

Reidar Sortland (FrP) fremja dei same punkta som i utvalet for drift og utvikling som følgjer:

Punkt 3:

Nybygg, samt dei som har ulovleg kloakkutslepp, skal tilkoblant det offentlege nettet i 100% sonen. Summen for tilkobling skal ikkje overskrida kr. 50.000,- eks. mva. Tilkoblingsavgift er ikkje inkl. i dette beløpet.

Punkt 7:

Velfungerande private septiktankar skal ikkje tvangspåkoblant utan at dei kan påvisast forurensande.

Punkt 8:

Det skal ikkje investerast for meir årleg enn at gebyrinntektene dekker investeringane. Vedlikehaldet av eksisterande anlegg må prioriterast.

Punkt 9:

BVA utarbeider eit regelverk for sanering slik at ved for eksempel eigedomsoverdragelse og utbygging kan abonnenten krevjast å tilkøblast det offentlege anlegget.

Rådmannen opplyste om at framlegget frå Bjørn Ingvaldsen (A), punkt seks i innstillinga frå drift og utvikling, var ulovleg.

Det vart røysta punktvis over innstillinga med tillegg av framlegga frå Reidar Sortland.

Punkt 1 i innstillinga frå drift og utvikling vart samrøystes vedteken.

Punkt 2 i framlegget frå Knut Wegner Meling på vegne av Høgre, Venstre og Kristeleg folkeparti vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i innstillinga frå utval for drift og utvikling vart mot 8 røyster vedteken.

punkt 4 i innstillinga frå utval for drift og utvikling vart samrøystes vedteken.

Punkt 5 i innstillinga frå utval for drift og utvikling vart samrøystes vedteken.

Punkt 6 i innstillinga frå utval for drift og utvikling vart samrøystes ikkje vedteken.

Punkt 7 i framlegget frå Reidar sortland vart mot sju røyster ikkje vedteken.

Punkt 8 i framlegget frå Reidar sortland vart mot 12 røyster ikkje vedteken.

Punkt 9 i framlegget frå Reidar sortland vart mot sju røyster ikkje vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

1. Bømlo kommunestyre godkjenner hovudplan for avløp med dei endringar som går fram av kommentardelen i saka.
2. Bømlo kommunestyre godkjenner tiltaksplanen for perioden 2004-2008 slik den kjem fram av følgjande tabell:

Anlegg/Prosjekt	Kostnad	2005	2006	2007	2008
Rehabilitering leidn.nett	2 000	500	500	500	500
Rehab. pumpestasjoner	4 500	1 500	1 500	750	750
Sanering utsl. Urangsvåg	3 600	2 600	1 000		
Sanering utsl. Meling	1 800		600	1 200	
Sanering Innvfj/Søres.	15 000		5 000	5 000	5 000
Rehab. reinseanlegg	8 000	3 000	2 500	2 500	
Leidning Bremnes sentr.	1 000	1 000			
Driftsbygg/ Tilbygg	800	800			
Fellesl. Leite-U.skulen	2 500				2 500

San.utslepp Mosterhamn	1 500				1 500
Andre anlegg/invist.	2 000	500	500	500	500
VA-anlegg til b.felt	1 200	300	300	300	300
Andre invist./utstyr	1 200	300	300	300	300
Sum invisteringer	45 100	10 500	12 200	11 050	11 350
Snitt inv.ramme pr. år.	11 275				

3. Rådmannen skal i samarbeid med BVA sikra best mogleg finansieringsgrunnlag for framtidige investeringar gjennom bruk av pålagt tilknytning av abonnentar der dette er i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. Grensa for kva som vert definert som uforholdsmessig høge kostnader i Plan- og bygningslova § 66 skal setjast til kr. 100 000 inklusiv meirverdiavgift og indeksjusterast årleg. Tilknytingsgebyr er ikkje inkludert i dette beløpet.
4. Avgiftsnivået skal fastsetjast særskilt for kvart år i planperioden i samband med handsaming av det årlege avgiftsbudsjettet.
5. BVA får i oppdrag å lokalisera/kartleggja industriutslepp i Innvær fjorden og laga ein tiltaksplan for korleis problemet kan løysast og eventuelt koblast opp mot kloakk-saneringa i området.